Til slutt gikk «skiskyterstafetten» hvor det stilte lag fra etatens forskjellige avdelinger. Stafetten ble lagt opp slik at vi først gikk ei sløyfe inn til standplass hvor vi skulle forsøke å treffe en tre-


stamme med snøballer. Her vikk vi fem forsøk og vi måtte ha tre treff. Greide vi ikke det, ble det strafferunder før en liten sløyfe inn til mål sto igjen.

Om stafetten er det det å si at den ble utført med stor innsats, noe varierende teknikk og god olympisk ånd. Såvidt undertegnede kunne registrere, der han lå og prøvde å finne igjen pusten i målområdet, ble det ikke mer enn tre fall alt i alt. Det tegner ihvertfall bra for amatørene at skioppmannen sto for to av dem.

Etter at flere lag hadde snust på teten, avgjorde vegsentralen stafetten til sin fordel etter glimrende snøballkasting på de siste etappene. På de neste plassene fulgte planavdelinga og vedlikeholdsavdelinga.

Etter stafetten kunne også de voksne gå løs på brusen og pølsene før været ble såpass surt at vi fant detforgodt å snu nesen hjemover igjen.

Leif Magne Lillebakk



## Stønad til vidareutdanning ved 2-årig teknisk fagskule

Fra og med skuleåret 1984/85 kan tilsette i vegarbeidsdrifta som ønsker å kvalifisere seg for stilling innan oppsynet få stønad til å gå 2-årig teknisk fagskule.

Den tidlegare ordninga med stønad til 1-årig elementærteknisk skule fell samtidig vekk. Dette har samanheng med at det no blir kravd eksamen fra teknisk fagskule for tilsetting som vegmeister, oppsynsmann og oppsynsmannsassistent.

For skuleåret 1984/85 er stønadsbeløpet sett til kr 1 290,- pr. månad for ikkje-forsørgjarar og kr 1 715,- for forsørgjarar. Stønadsbeløpet vert utbetalt i 10 månader kvart skuleår. Dersom ein tek 2 år samanhengande studiepermisjon kan stønadsbeløpet bli utbetalt i inntil 22 månader. Ein får ikkje lønn i studietida.

Interesserte kan vende seg til personalseksjonen på vegkontoret for nærmare orientering.

Karstein Fauskanger



# Strossing av Strekane tunnel, riksveg 60


Denne tunnelen vart påbegynt i 1946 og ferdig i 1957. Lengda er 1090 m. Vi begynte å rigge her i mai 1983. Utanfor eit tverrslag sprengte vi plass til to sprengstoffcontainerar. Ved sør-enden av tunnelen ordna vi riggplass for brakkar m.v. Ein ny Rubbhall på 8x18 m vart oppsett i august. Inne i den sette vi ein delecontainer og ein verkstadcontainer.

1. september 1983 sprengte vi første salva. 5. september begynte vi på to skift. Arbeidstid 0600–24.00. 2 mann på stuff, 3 på bakstuff, 1 rep. og 1 oppsyn på kvart skift. Innkvartering på Sunnylven Fjord Motell.

Trafikken vart regulert ved hjelp av fjernstyrt trafikklys. Desse fungerte godt. Annonsert ventetid var 2 timer. To bussruter vart garantert passering etter påtrykk frå Stranda og Sykkylven Billag.

Fra Atlas Copco leide vegsentralen ein rigg, Promec TH 474, bygd på Plamek DC 150 H. Ein bom og ladekorg. Bormaskinen av typen COP 1038, bom BUT 15 med forlengar. I dumper, Volvo DR 860, vart leid til vasskjøring, 9000 l tank. 2 dumperar, Volvo DR 860, vart innleidde utan førar og brukte til utkjøring. 1 hjullastar, Cat. 950 B, innleid fra vegsentralen til lasting. 1 hjullastar Cat. 950 vart brukt til sikringsarbeid. Riggene fungerte bra bortsett frå ein periode hausten 1983. Elles virka utstyret godt.

Det vart mykje rensking og bolting, 1127 Ørsta-boltar vart innsett. Siste salve i Strekane 8. februar 1984. Gjenomsnitt strossa pr. veke vart 51 m. 23 borhol pr. salve. 16 fot stenger og 45 mm skjærkroner. Inndrift pr. salve = 4,35 m.



Ein plass vart det hol ut i dagen, og her skal det utstøypast.

35 mm dynamitt til bunnladning, glynit og 17 mm oransje rør. Nonel tennerar og detonerande lunte. Til tenning av salva brukte vi fenghette og svartkrutt-lunte.

2079 m<sup>3</sup> vart utfylt veg Helgesvingen, riksveg 60, Ole Ringstad 17047 m<sup>3</sup>, Per Røyrvik 12141 m<sup>3</sup> og 2684 m<sup>3</sup> tippa på sjøen. Alle m<sup>3</sup> målt på bil. Dette gir i snitt 31,7 lause m<sup>3</sup> pr. m strossa tunnel.

To portalar skal sprengast ned og erstattast med nye. Sluttrensk med påfølgjande bolting, vassikring, penetrering, asfaltring, utstøyping, montering av lys og reflex skal gjera sei-nare i år, og haldast utanom kostnadsoppfølginga.

Ørsta-bolten vart brukt, lengde 2,40 m, 3,0 m og 4,0 m. Materialkostnader for 1 bolt à 2,40 m er kr 167,-. Pris pr. bolt innsett kr 428,-.

Antall bormeter pr. 12. mars 1984, inkl. bolting er 31 000 m. 442 bormeter pr. krone. Kr 3,58 pr. bormeter i borutstyr. 1,16 bormeter pr. faste m<sup>3</sup>. Forbruk 1. september 1983 – 15. februar 1984 kr 3 700 000,-. Pris pr. m stross kr 3 460,- (L = 1070 m). Produksjonstimar rigg inkl. bolting er 911 t (bolting er ca. 1/3). Bortid pr. salve 2,5 t. Borsynk 1,1 m/min. Totale arbeidstimar er 9200.

Vi dreiv på to stuffar. Bakstuffen hadde ofte så mykje arbeidssikring at dei vart ikkje ferdige når den andre stuffen stod klar til avfyring av salve. Dette saman med trafikkulemper, venting på bussar, ambulanser og dyrlegar, gjorde at vi ikkje fekk full effekt på riggen. Ein to-boms rigg til dette anlegget ville ikkje ha gitt nokon særleg gevinst.

Prosess		Forbruk	%	Arb.timar	%
24,5	Strossing	1.313.000	36	2 257	25
25,1	Arb.sikr. rensk.	310.000	8	2 005	22
34,3	Lasting, utkj.	669.000	18	1 728	19
72,2	Arb.sikr. bolting	483.000	13	1 076	12



*Slosseriggen. N. Aspehjell sitjande og O. Bergseth stående.*



*Karane som gjorde godt arbeid med strossing av Strekane tunnel, Rv. 60.  
1. rekke f.v.: O. Bergseth, S. Flydal, K. Henden, Ø. Tafjord, B. Hoem, G. Berli.  
2. rekke f.v.: P. Vikene, A. Moen, B. Heggset, N. Aspehjell, O.K. Homlong, S. Homlong.*

## Nytt pele-utstyr

Ved bygging av både bruer og ferjekaijer har det her i fylket i flere tiår vært nyttet utstyr til nedramming av peler. Særlig kjent er vel «pelebåtene» våre som har bygd og vedlikeholdt de fleste av de over 100 ferjekaiene i fylket.


Større ferjer, tyngre vogntog og endring av konstruksjonstyper krever stadig at større laster skal overføres til grunnen på betryggende måte. De «gammeldagse» luftloddene og fallloddene våre er blitt for lette, og mer effektive «diesel-lodd» er tatt i bruk. Fordelen med slike lodd er at de gir stor rammeenergi i forhold til loddets vekt. De kan således ramme større peler med større bæreevne enn andre typer lodd av tilsvarende vekt. Nettopp loddets vekt er avgjørende for hvilket kranutstyr og tilrigging (og dermed kostnad!) som kreves.

Hemmeligheten med diesel-lodd-prinsippet er forsøkt illustrert på skissen: I tillegg til selve støtet fra stemplet som faller mot pelen, komprimerer stemplet en luftdieselblanding som eksploderer og driver pelen ned, mens stemplet går til topps, klart til nytt slag.

Vegvesenet har i dag 2 størrelser diesellodd, der det minste kan handteres med vanlig bygningskran. Det største har vært brukt mellom anna på Driva bru, der stålørspeler på 80 cm ble drevet nesten 30 m ned i sandgrunnen for å sikre fundamentering for ny bru.

Kristen Leganger

# Virkemåte dieselkopp



# Forslagsordningen

for  
Statens vegvesen og Biltilsynet

Utdrag av oversikt over premierte forslag 1983.

L foran sum = premiert lokalt.

Forslag	Forslagsstiller	Premie
<b>Bruer og kaier (8)</b>		
Fenderverk på ferjekaier	Leonhard Dahl	7.000,-
<b>Adm., rutiner (11)</b>		
Datamaskinfremstilte komfordelingskurver	Torgeir Døssland	2.200,-
Utforming av plan- og tegningsarkivet	Leif Fylling	L 1.500,-
Hurtig-analyse for grusprøver	Torgeir Døssland	L 800,-
<b>Maskiner og utstyr (500-)</b>		
Bor til forsenking av muttere i trekonstruksj.	Ole Midsund og Erling Mogstad	L 1.500,-
Hydraulisk justering av støvsuger for «NEMEK-KL 21»	Odd Rekdal	L 800,-



Fenderverk på ferjekaier.  
Forslaget gikk ut på å nytte stålører med påtredde bildekkt til fendere ved ferjekaier.  
Dahl opplyser at vi i dag bruker industrigummi mellom stålører og kai i stedet for bildekkt.  
Bildet viser Grønnes ferjekai med det gamle (nærmest) og det nye fenderverket.


## Den gamle svingbrua over Flatsetsundet


Då det i vefsambandet Kristiansund – Kvines vart bygd jarnbetongbru over Flatsetsundet i 1949, måtte den gamle trebrua over vike.

Den gamle trebrua som var bygd i åra 1893 – 1895, var på fleire måtar særmerkt. Det som gav grunnlag for å komme i gang med bruarbeidet var skulegang og krinsdeling. Flatsetøya hadde hørt til Frei skulekrins og skuleborna måtte morgon og kveld førast

til og frå skulen i båt over Flatsetsundet.

Etter skulelova frå 1889 vart Flatsetøya ved ny krinsinndeling i 1890 eigen skulekrins med 13 oppsitjarar og 22 born. Spørsmålet om bygging av bru over Flatsetsundet vart då teke opp, slik at ein kunne få ei anna krinsordning og spare skulehusbygging på Flatsetøya og utgifter til 6 veker skuler.





Frei skulestyre skreiv i mai 1892 til Frei heradsstyre om å ta bruspørsmålet opp til førehaving. Frei heradsstyre hadde saka føre i møte 19. september 1892. Heradsstyret gjorde samrøytes vedtak om å yte kr 300,- til bruаa fordelt på 5 år og på vilkår at dei som budde på Flatsetøy tok på seg vedlikehaldet. Det vart og vedteke å søkje amtet om tilskot til føremålet.

Søknaden til amtet kom føre i amtsstinget 5. juni 1983. Vegkomiteen nemner i si innstilling til vedtak i amtsstinget at bruаa etter kalkyle frå veginspektøren var kostnadsrekna til 1400 kr. og at det som privat tilskot var garantert 400



kr. I kommunen si søknad var ikkje nemnt tilskotssum frå amtet, men komiteen meinte det var underforstått at storleiken på tilskotet skulle samsvare med tilskotsyting til bygging av skulehus, det ville i dette høvet seie halvparten av kostnaden – 700 kr. Komiteen ville ha tilrådd 700 kr der som saka låg slik til at tilskotet kunne gå av amtsskulekassa, men ein fann det rettast etter den ekstraordinære stilling saka hadde å setje amtskommunen sitt tilskot til føremålet til 300 kr, som svara til det som ville falle på amtet om saka låg føre i anna form. Innstillinga frå komiteen vart sam-

røystes vedteken av amtsstinget og lydde slik: «Til oppførelse af bro over Flatsetsundet i Frei bevilges 300 kroner af amtskommunefondets midler på betingelse af at Frei kommune garanterer:

1. At der ikke bliver opføret skolehus paa Flatsetøen med bidrag af amtsskoleklassen.
2. At broen i fremtiden vedligeholdes uden udgift for amtskommunen.» Alle gardbrukarane på Flatsetøy tok på seg ansvaret for at Frei kommune ikkje fekk utgift for nemnde garanti, og dei pantsette eigedomane sine til Frei kommune til trygd for dette.

Med tilsegn om tilskot frå amt og kommune og noko innsamla midlar gjekk dei interesserte igang med løysing av bruplanane. Gardbrukar Ingebrig J. Fladsetø var brukonstruktør og byggeleiari. Brusambandet vart 120 m langt med eit svingbart midtspenn på 7 m over djupålen i Flatsetsundet. Brua var solid bygd og vart halde i god stand. Som prov på dette kan nemnast at det i 1949 vart transportert ein 3 tonn tung kompressor over bruа. Irekna verdet av det arbeidet som vart ytt som pliktarbeid av oppsitjarane på Flatsetøy vart bruа kostande 1800 kr. Brubileta, som er tekne av vegingeniør Hollum, syner det svingbare midtspenn og bruа sett mot Flatset. Personbiletet er av konstruktøren og byggeleiaren Ingebrig Fladsetø, f. 1847.

B.R.



## Verneleiarens 5 min.

### Kjemiske stoff – helsefarlege stoff

Ein ting har eg til fulle fått sjå på mine turar kring i fylket, vi har alt for mykje av slike stoff. Det er ei stor mengd av ulike sortar som er «lagra» rundt på einskilde arbeidsplassar. Nokre av desse stoffa trur eg aldri vil verte brukt i ettertida. Det kan vere fordi stoffa ikkje er gode nok lenger, men også fordi vi korrert og slett ikkje veit til kva, eller korleis dei skal brukast.

I Statens vegvesen er vi no igang med

å byggje opp eit register over dei stoff som vert brukt innan etaten. Registeret vert bygd ut slik at det vert eit sentralt register i Vegdirektoratet der veglaboratoriet har fått ansvaret for dette arbeidet. I kvart fylke vil det bli eit fylkesregister som skal dekke dei slaga av kjemiske og/eller helsefarlege som er i bruk eller som vil bli brukt i fylket. Verneleiaren er tiltenkt ansvaret for å byggje opp og halde ajour dette

registeret. Samstundes skal dei også byggje ut eit «lokalregister». Det vil seie at det er tenkt lagt opp eit register, til dømes i kvart vegmeisterdistrikt. Registeret vil truleg vere meir som ein «produktinformasjon» til dei som brukar stoffa i praktisk arbeid. Produktinformasjonen vil kort fortalt vere eit forenkla datablad for produktet. Det fortel om kva slag helsefare det kan vere ved å arbeide med

stoffet, kva slag førstehjelp som kan nyttast om det skulle hende uhell og nokon vert skada, til dømes ved til-søling, innanding av gass eller damp eller ved sveleging.

I Møre og Romsdal vart det for om lag to år sidan teke opp ei liste over dei einskilde stoffa vi har i fylket. Ut frå det som då vart registrert kan eg seie at å halde eit register i slik storleik vil verte vanskeleg, for ikkje å seie umogleg. I det høve har verneleiaren ei børn. Kan vi ikkje ta ein sers kritisk gjennomgang av dei stoff som vi har registrert. Vi sjaltar ut dei stoff som ikkje lenger vert brukta, samlar det og syter for at det vert sendt inn til godkjende mot-takarstasjonar, i alle fall det vi ikkje kan ta hand om sjøl. Etterpå må vi vurdere nøyne dei stoffa vi har igjen. Vi må sjå om det er noko av dette også som kan skiftast ut med meir miljøvenlege stoff, eller sjå etter om eit stoff kan dekkje fleire områder slik at vi får ein reduksjon både i mengde og tal på ulike stoff.

Til slutt vil eg ta med ei åtvaring når det gjeld slike stoff, la det alltid vere i original emballasje. Hvis du likevel må ha stoffet over på anna emballasje må du sørge for at dei behaldarane som då vert brukt toler det stoffet dei skal innehalde og at dei vert merkte i høve til dei reglar som gjeld for merking. Det er ikkje nok at du veit kva dei inneheld, alle og einkvar skal kunne lese seg til og forstå kva som er i behaldarane. Vil berre minne om det som no har kome fram om asbest, det var vel svært få som tenkte over kva konsekvensar det kunne få å puste i seg fibrane. Vi må òg tenkje litt på om det kan få noko konsekvensar om vi ikkje tek meir omsyn til åtvaringane om det finns slike, på det vi arbeider med.

Egil Bakke


## Fordeling av velferdsmidlar

Under eit forhandlings-/drøftingsmøte mellom representantar for dei tilsette sine organisasjonar og administrasjonen fredag den 11. mai 1984, vart det fastsett slik fordeling av velferdsmidlane for 1984:


Formål:	Tildeling:
Miniatyrgewær for tilsette T-7	4 000
Leige av videospelar til brakkeleiren på Sjøholt	1 400
Leige av videospelar til tunnelarbeidrarar på Hellesylt	600
Tur til Sogn og Fjordane for tilsette i T-1	2 000
Leige av video til brakkeleiren i Spjelkavik	1 400
Tur til Hitra/Frøya for tilsette i T-13	1 200
Ribbevegg til biltilsynet Ålesund	500
Velferdstur for dei tilsette i biltilsynet Ålesund	1 000
Tur til Tafjord for tilsette i T-2	2 800
Tur til Geiranger for tilsette i T-8	2 600
Tur for tilsette på vegkontoret	7 000
Tilskot til leige av idrettshall for tilsette i biltilsynet Kristiansund	1 000
Tur til Sør-Trøndelag for tilsette på vegsentralen	3 000
Pensjonist- og arbeidartreff på Tømmervåg gjestegiveri (T-12)	2 500
Tur til Kristiansund for tilsette i T-5	2 500
Kunst på arbeidsplassen	5 000
Pensjonisttiltak	7 000
Kontaktmøter i vegarbeidsdrifta	4 500
Samla	50 000

Resten av velferdsmidlane (40 000) vil bli disponert til juletilstellingar.

*Karstein Fauskanger*



# Nytt fra AMU



Tirsdag 3. april vart det halde AMU-møte på Stranda.

## Handlingsprogram 1984/85

Følgjande handlingsprogram vart vedteke:

### 1. Bedriftshelseteneste.

Prøve å få den opp til den standard som lovar og reglar krev. Til å ta seg av dette: Bedriftslege G. Eldøen og hovudverneombod A. Eliassen.

### 2. Helsefarlege stoff og løysemiddel.

Legge til rette for og byggje ut eit register for helsefarlege stoff og løysemiddel etter den modell som det er gjort framlegg om frå veglaboratoriet. Ansvarleg for å ta seg

av dette: Hovudtillitsmann O. Haukeberg, verneleiari E. Bakke.

### 3. Støy.

Legge tilrette for og fullføre det program som det er gjort framlegg om i brev av 6. mars 1984 frå Vegdirektoratet. Ansvarleg for dette: G. Nordal, O. Haukeberg og E. Bakke.

### 4. Miljøkartlegging.

Kartleggje vegsentral, vegstasjonar, biltillsynsstasjonar og vegkontor når det gjeld støy, arbeidslys, bygningsmateriale og klima (ventilasjon og temperatur). Ansvarleg: E. Bakke.

## Akanutval

Etter det vedtekne retningslinene bør utvalet vere samansett av ein representant frå bedriftshelsetenesta, hovudkontaktane og ein representant frå personalseksjonen. Det vart gjort framlegg om at verneleiaren vert medlem av utvalet.

Vedtak: Akanutval:

Bedriftslege/-sjukepleiar, dr. Eldøen/Eli Austnes. Hovudkontakt for adm./biltillsyn Asbjørg Lid. Hovudkontakt for drifta Arnfinn Eliassen. Frå personalseksjonen; oppnemnast av administrasjonen. Verneleiaren, Egil Bakke.

## Arbeidsulykke i Aure tunnel – skada ved overkjørsel av hjullaster under arbeide

I høve denne ulykka har Arbeidstilsynet 9. distriktskontor i Ålesund i brev av 2. mars 1984, bedt om å få ein uttale frå arbeidsmiljøutvalet. Som sakstilfang låg det óg ved ein rapport

skreven av verneleiaren den 14. februar 1984. I brevet sitt reiser Arbeidstilsynet 4 spørsmål:

- «1. Om ikke trafikken burde vært stanset utenfor tunellen, inntil det var blitt ryddet opp etter salven. Dette for å skaffe bedre plassforhold og for å unngå eksos i tunellen fra de ventende bilene og dermed bedre sikten og luftforholdene ellers.
2. Om ikke hjullasteren burde vært utstyrt med bedre og mer vidspredende lys som ved rygging gir nødvendig oversikt på begge sider av hjullasteren fra operatørens plass.
3. Om arbeidsplassen hvor merkingen av tunellprofilet ble avmerket burde vært bedre opplyst. Hodeleyktene alene gir vel neppe tilstrekkelig arbeidslys.
4. Om ikke hjullasteren bør ha et spesielt gjennomtrengende akustisk varslingssignal som varsel ved rygging hvor oversikten vanligvis er dårligst.»

### Til spørsmål 1:

Trafikken her er ikkje så stor at den vart vurdert så farleg at det var naudsynt å halde tunnelen stengd anna enn når det vart sprengt salver.

### Til spørsmål 2:

Arbeidsmiljøutvalet er einig i at hjullastaren burde ha betre arbeidslys, jfr. Arbeidstilsynet.

### Til spørsmål 3:

Når det gjeld betre arbeidslys i tunelen, gjer AMU merksam på at det kan ha både føremuner og ulemper.

Det må i dette høve vere eit provisorisk anlegg, med fare for skade på straumførande leidningar og med fare for kortslutning og elektrisk overleidning. Det kan også vere fare for blending av andre arbeidstakarar. Ved slikt arbeid som går føre seg her, er dette vurdert til å ha fleire og større ulemper enn føremuner.


#### Til spørsmål 4:

Eit sterkt akustisk signal som varsel ved rygging er nok ein føremun når rygging ikkje hender så ofte. Ved det arbeid som går føre seg i ein tunnel som her så går lastaren fram og tilbake heile tida. AMU er redd for at dei som arbeider i tunnelen, etter kort tid, ikkje ville ha reagert på eit slikt rygesignal.

AMU vil gjere driftsavdelingane merksam på det som Arbeidstilsynet har reist spørsmål om, og bed om at dette vert vurdert i seinare høve.

I samband med AMU sitt møte på Stranda var det synfaring på følgjande arbeidsplassar: Brakkeleiren på Sjøholt, Viset tunnel, Stranda vegstasjon og Strekane og Storfossen tunnelar.

#### Slipeskiver Verneskjemer



## Auksjon ved vegsentralen

Lørdag 2. juni ble den årlige auksjonen over utrangert utstyr holdt på vegsentralen.

Auksjonarius var som tidligere år Lorentz Tjelle. Det var godt frammøte av interesserte kunder, så auksjonen gikk greit unna. Vi solgte i år utstyr for over kr 360 000,-. Høyeste bud fikk en

Magirus lastebil og en Volvo dumper som begge gikk for kr 65 000,-. Nytt i år var utrangerte kontormaskiner, (regnemaskiner, skrivemaskiner og kopieringsmaskiner) til sammen 24 stk. Kontormaskinene var svært populære og oppnådde en gjennomsnittspris på kr 350,-.

En kostemaskin og en stimkjel fikk ikke bud.

Arvid Talset



# Hørselundersøkinga

Frå bedriftsoverlegen i Vegdirektoratet har vi fått tilbake ein rapport om hørseltesten som gjekk føre seg i februar og mars 1983.

432 tilsette i drifta vart undersøkte og rapporten syner, at av desse er det om lag 50% som har nedsett hørsel, anten grunna alder, sjukdom eller støy påverknad. Alderen kan redusera hørselen i ei viss mon, så nokon i dei høgre aldersklassane kan ha tapt hørsel av den grunn. Dei fleste av dei som har nedsett hørsel har hatt støyande arbeid i mange år så største skulda ligg nok i arbeidstilhøva. Ei slik undersøking gir oss eit godt grunnlag til å gå inn på dei støyproblema vi har i etaten, få klarlagt kjel-

dene og sette i verk tiltak for å betre tilhøva der det er mogleg. Vi har støykjelder som det er sers vanskeleg å gjere noko med, til dømes fjellboring. I slike høve må vi nok halde fram med å bruke personleg vern som øyreklkker eller liknande.

Kva fortel så denne rapporten om dei undersøkte? Av dei 432 personane var det 168 som hadde hørseltap på høgre øyre og 215 hadde hørseltap på venstre øyre. At det er venstre øyre som er mest utsett har synt seg i mange slike undersøkingar. Ein grunn kan vere at mesteparten av oss er høgrehendt og difor står slik at høgre øyre til dels er vendt vekk frå støyen.

I denne tabellen kan vi lese alderssamansetjing, kor mange undersøkte og kor mange i kvar aldersgruppe som hadde hørseltap. Med unntak av den eine arbeidstakaren under 25 år (som også hadde hørseltap) er det ein klår trend at skadeprosenten aukar med aukande alder.

Om det er nokon som har serleg interesse for å sjå rapporten kan dei vende seg til vegmeisteren i nærmeste område eller til verneleiaren. Rapporten er også lagt ut på alle avdelingane på vegkontoret.







Egil Bakke

Tal og frekvens med ikkje støyindusert (anna) og totalt hørseltap i M og R vegvesen

Alder i år	Under- søkte	Anna hørseltap			Totalt hørseltap				
		Høgre øyre	%	Venstre øyre	%	Høgre øyre	%	Venstre øyre	%
Under 25	1	0	0	0	0	1	100	1	100
25–34	51	3	6	2	4	10	20	24	47
34–44	119	12	10	13	11	38	32	52	44
45–54	113	6	5	11	10	63	56	79	70
55–64	132	21	16	26	20	88	67	101	77
65 og meir	16	2	13	4	25	12	75	14	88
Sum	432	44	10	56	13	212	49	271	63



# Til ettertanke –



## Stipend 1984

Nordisk Vegteknisk Forbund (NVF) tilbyr stipendier for studier av aktuelle spørsmål innen veg- og vegtrafikk. Stipendiene kan også benyttes til studiereiser.

Tilgjengelig beløp er kr 20 000. Valg av emne er satt opp til den enkelte søker. Stipendiatene forplikter seg til å skrive en rapport om resultatene av studiet til Nordisk Vegteknisk Forbund. Etter NVF's vurdering vil stipendiatene kunne pålegges å gi en presentasjon av resultatene på NVF's årsmøte.

Studiene skal være gjennomført et år etter tildeling av stipend.

Søknad om stipend skal inneholde:

- beskrivelse av emne for studiet
- plan for gjennomføring av studiet
- opplysninger om søkerens stilling, arbeidssted og arbeidsfelt.

Søknaden sendes:

Nordisk Vegteknisk Forbund  
Vegdirektoratet  
Postboks 6390 Etterstad  
0604 Oslo 6

innen 1. august 1984.

Tildeling av stipend vil finne sted i august/sept. 1984.

Nærmere opplysninger kan fås av Johnny Johansen, tlf. 02-46 69 60.

## Vi gratulerer

følgende som i 3. kvartal 1984 passerer åremålsdager:

50 år

Petter K. Vatne, 6150 Ørsta, 23. august.

60 år

Knut Gjersvoll, 6620 Alvundeid, 2. juli

# Gode råd til bilister som gjerne vil komme helskinnet hjem!

Bruk sikkerhetsbelte hver gang du setter deg bak rattet.

Dersom du skal kjøre en fremmed bil, bør du gjøre deg fortrolig med blinklys, lykter, ratt og bremser. Juster speilene om nødvendig før du våger deg ut i trafikken.

Hold øye med vegkanten og omgivelsene, så du har en sjanse til å finne en «nødutgang» hvis kjørebanen foran deg plutselig skulle bli blokkert.

Sett ned farten i usiktbart vær, mørke, tåke, regn og snø.

Hold en rimelig fart så du ikke sinker andre trafikanter, og hvis du blir nødt til å stanse på vegen, så sør for å få bilen mest mulig vekk fra vegbanen.

Forutse brå oppbremsing når du kjører i kø – vent ikke til du har for kort bremselengde igjen.

Pump opp og ned et par ganger på bremsepedalen når du vil sakne far-

ten, for å varsle trafikanter bak deg ved hjelp av stopplysene.

Sving ikke inn foran en bil du har kjørt forbi, før du kan se dens venstre forskjerm i bakspeilet.

Forbikjøring forutsettes av at forankjørende og motgående trafikk ikke er til fare for forbikjøringen.

Når frontrutene er sølete, er lyktene det også. Tørk av lykteglassene både foran og bak.

Stans og ta en hvil hvis du på langtur føler deg trett eller søvnig. Etter fem-seks timer bak rattet begynner det å gå nedover med aktpågivheten.

Pukk aldri på din forkjørsrett, men unngå for enhver pris farlige situasjoner. Den dyktige og erfarne bilist slipper alltid «idiotene» fram – jo lengre de er unna, desto bedre.

**.... og enda finnes dem som påstår at bilkjøring er avslappende....**



**Vis hensyn — kjør med sikkerhetsmargin!**

# Hva koster tabbene

Utdrag av UP's «prisliste»

Kjøring mot rødt lys, overtredelser av fartsgrenser, kryssing av heltrukne sperrelinjer, ignorering av «Full stoppskilt»...

Dette er bare noen av de «varer» som har «prislapp» fra Utrykningspolitiet. Under kan du lese hva forskjellige forseilser i trafikken kan koste deg dersom du vedtar et forenklet forelegg på stedet. Vedtar du dette fyller politiet ut en postgiroblankett hvor det er påført hva forseelsen er, hvor og når.

Her er noen priseksempler:

600 kroner for å kjøre mellom 10 og 20 km/t for fort i 60 km-sone eller lavere.

450 kroner for å kjøre mellom 10 og 20 km/t for fort i 70 km-sone eller høyere.  
300 kroner for å kjøre 10 km/t for fort i 60 km-sone eller lavere.

300 kroner for ikke å stoppe på «Full stopp»-skilt.

250 kroner for å svinge i strid med svingforbud, ikke følge påbudskilt for kjøreretning eller sving.

150 kroner for å kjøre med piggdekk ulovlig.

150 kroner for ikke å gi påbudt tegn.  
150 kroner for ikke å ha foreskrevne lykter tent.

150 kroner for å kjøre 10 km/t for fort i 70 km-sone eller høyere.

100 kroner for ikke å ha varseltrekant med i bilen.

100 kroner for ikke å ha vognkort med i bilen.

50 kroner for å sykle mot innkjøring forbudt-skilt.

# Løsning på «Vegkryss nr. 1–84»

Det kom inn 33 riktige løsninger.

Vinnere ble:


1. Bjørg Talberg, Molde
  2. Liv Slemmen, Åndalsnes
  3. Karl Hansen, Tøfors
- Premiene er tilsendt.

Andre mottatte riktige løsninger ble sendt inn av:

Nancy Austigard, Ingeborg Christoffersen, Bjørn P. Eidhammer, Palmar Gjerde, Liv-Marit Hauso, Tove Skive Hoel, Oddgeir Hoftun, Arne Lauvrak, Jeanette Lorentzen, Hildur Melsæther, Ann Gøril Molaup, Palma Pladsen, Klara Småge, Agnes Staurseth, Unni Vassgård, alle Molde, Einar G. Eriksen og Petter K. Vatne, begge Ørsta, Lars Heggen og Kari-Anne Grebstad, begge Vestnes, Peder Færøy, Eresfjord, Åsrunn Sæbjørnsen, Harøy, Sverre Ødegård, Innsmøla, Aksel Vold, Måndalen, Erling Scherer, Skjevik, Petter Aarset, Skodje, Gudrun Haraldseide, Stavanger, Martin Havnes, Tornes, Rolf Mathisen, Tønsberg, Torill og Alfred Stavem, Verma, Per Longva, Ålesund.



## EVIGHETSBLOMSTER



Da sjelen min var syk og sår og hjertet fullt av tvil  
du sang om markens blå viol  
og lokket frem mitt smil.

Da hunger gjestet hus og hjem og alt var bare nød,  
den gaven som i stillhet kom  
fikk rosenes dype lød.

Da jeg alene stod igjen foruten mål og vei,  
et trykk ifra din kjære hånd  
ble en forglemmigei.

Og da du kjentes ved meg, selv om issen grånet var -  
i tusenfryd og bekkeblom  
gikk mine fotefar.

Jeg stryker kjærlig med min hånd buketten på mitt fang,  
skjønt dine øyne ei kan se  
hva du meg gav en gang -

for, blomstene du skjenket spiret aldri frem av jord,  
men av ditt smil, din kjærlighet  
og dine varme ord.

Og varlig tar jeg en for en og fletter dem i krans -  
hvert lite minne er en blomst  
med evighetens glans.

Gunnvor Gjellan Sund

# MASSEKORSBÅND



**GOD SOMMER**  
ønskes våtre leser - Red.